

Høringsuttale

Sak 20/13 Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4)

Stiftinga Sunnmøre Museum vil i denne fråsegna leggje hovudvekt på kapittel 14 «Kulturinstitusjonenes samfunnsoppdrag».

Utvalet si innstilling om museum og kulturinstitusjonane sitt samfunnsoppdrag

Etter ein gjennomgang av museumsreforma peiker utvalet på at reforma er «*mer organisatorisk enn faglig, og at museenes samfunnsrolle oppleves som utydelig*» «*Etter utvalgets oppfatning bør det derfor gjennomføres en større evaluering av museumsreformen som også omfatter drøftinger av museenes samfunnsrolle.*»

«Det nåværende mål- og resultatstyringssystemet bør erstattes av en eierstyring basert på en tydeliggjøring av kulturinstitusjonenes samfunnsoppdrag (.....) Startpunktet for formuleringen av kulturinstitusjonenes samfunnsoppdrag må ligge i at den enkelte kulturinstitusjon selv formulerer oppdraget. Samfunnsoppdraget som legges til grunn for virksomheten i kulturinstitusjoner, må videre være et offentlig anliggende, mer enn det er en byråkratisk kontrollmekanisme.

I samfunnsoppdraget skal institusjonene formulere faglige/kunstneriske mål og strategier, herunder kvalitetsmål, og publikumsmål. Som en del av oppfølgingen av målene bør det gjennomføres periodiske evalueringer av virksomheten ved kulturinstitusjonene, for eksempel hvert fjerde år.»

Utvalet ønskjer ein overgang frå tildelingsbrev med «kvantitative produksjons- og publikumsmål» til «systematiske evalueringer» t d kvart fjerde år. Den økonomiske delen av den årlige evalueringa ønskjer utvalet derimot å behalde.

Dei «systematiske evalueringene» skal foretas av «kompetente fagfolk som har en uavhengig rolle både i forhold til bevilgende myndigheter og til kulturinstitusjonene.»

Utvalet meiner ein slik overgang vil «begrense kulturinstitusjonenes rapporteringsbyrde og forsterke deres ansvar overfor omgivelsene gjennom offentlig debatt og samtale.»

Utvalet ser overgangen frå «regnskapsplikt til offentlighet» som eit «opplegg til eierstyring».

Eit slikt «opplegg for eierstyring» er også tenkt å fungere som ein «anledning» for å stimulere til auka kunnskapsproduksjon.

Omgrepet «samfunnsoppdrag» har utvalet samanfatta i tre hovuddimensjonar.

1. Klargjering av faglege og kunstnarlege mål, også kvalitetsmål.
2. Rettferdsmål som særleg er knytt til publikumsansvar.
3. Mangfoldsmålet. Institusjonen sin eigenart i forhold til andre tilsvarende institusjonar.

Andre punkt i utredninga.

16. oppsummering av tilrådingar

Kunnskapsbasert kulturpolitikk

Utvalet sluttar seg til Grund-utvalet sitt forslag om oppretting av eit forskingssenter på kunst- og kulturvernområdet.

Kulturpolitikkenes sektoransvar

Om kulturpolitikken sitt sektoransvar meiner utvalet at det bør vurderast om ansvaret for kulturminnevernet bør flyttast frå Miljøverndepartementet til Kulturdepartementet.

Uttale frå styret i SSM:

Avklaring av omgrep

Utvalet bruker ordet "eierstyring", spesielt i kapitel 14. For musea betyr eigarstyring at eigerane av samlingar og bygg, det er ofte lokale stiftingar, ønskjer å komme med signal om korleis eigne samlingar skal takast vare på. Det er den konsoliderte eininga som driv musea, og det kan i visse tilfelle vere ulike oppfatningar om korleis eigarskapet skal påverke museumsdrifta.

Styret i SSM går ut frå at eigarstyring i kulturutgreiinga betyr det offentlege si interesse for den einskilde kulturinstitusjon gjennom rapportering til staten.

Ny evaluering av museumsreforma

Styret i SSM ser positivt på at utvalet tilrår at ei større evaluering av museumsreforma blir gjort. Dette må også omfatte musea si samfunnsrolle. Men like viktig er at ein får signal frå statlege hald om korleis musea vidare skal handtere så mange lokale eigarar med ulik rolleforståing. Det er 10 år sidan reforma blei gjennomført, og ei evaluering av fagleg utvikling, kommunane si rolle som brukar og bidragsytar samt

høve til å gjennomføre strukturelle endringar, bør vere viktige tema i ei slik ny utredning.

Samfunnsoppdraget

For Stiftinga Sunnmøre Museum sin del er desse punkta nedfelt i institusjonen sin strategiplan og hovudmålstruktur. Dette er dimensjonar som dei fleste større museumsinstitusjonar har arbeidd med.

Det er liten tvil om at dagens rapporteringssystem har sine svake sider, men vi tviler på at forslaget til nytt evalueringssystem vil gi musea høve til større fagleg utviklingsarbeid enn dagens system.

Forslaget om oppretting av eit «uavhengig faglig utvalg» som skal evaluere verksemda ved kvar institusjon kvart fjerde år, verkar lite gjennomtenkt: Kven skal oppnemne eit slikt utval, og kva for mandat, kontrollfunksjon og høve til sanksjonar vil i så fall eit slikt utval få? Skal utvalet fungere som eit mellomledd i forhold til staten, fylket eller kommunane?

Vårt museum har fleire gonger blitt evaluert etter oppdrag frå fylkeskommunen. I slike tilfelle vert det sett inn eksterne konsulentar som ikkje har spesiell erfaring med eller interesse for museumsfeltet. Det fører til både uro og ein god del meirarbeid fordi det er feil i rapportane. Ei slik fagleg evaluering bør ha kompetanse som musea har tillit til. Samtidig er miljøet i Noreg såpass lite at eit fast utval vil ha sine ulemper fordi "alle kjenner alle". Vidare vil det vere viktig at ei slik evaluering ikkje stoppar kreative krefter som ønskjer å tenke nytt i museumsarbeidet.

Utforminga av evalueringa av verksemdene bør vente til det er gjennomført ei vurdering av museumsreforma.

Forslaget vil heilt klart svekke styrets sjølvstende ved at det legg klare føringar på kva for prioriteringar styret kan gjere på vegne av institusjonen. Styret er skeptisk til at samfunnsoppdraget skal vere gjenstand for drøfting kvart fjerde år.

Enger-utvalet går inn for at økonomirapporteringa skal vere årleg, som no. Å fristille denne frå den faglege rapporteringa vil vere ei ulempe for musea. Det er jo gjennom den faglege rapporteringa vi får synleggjort prioriteringar og strategiar i arbeidet vårt.

Andre punkt i utgreiinga

Kunnskapsbasert kulturpolitikk

Forskning er ein viktig del av musea si versemnd, knytt til forvaltning og formidling. Det er klart at denne verksemda bør styrkast, men det er uklart frå utvalet si side om ein tenkjer seg eit forskingssenter knytt til universitet og høgskular, eller til musea sjølve,

som truleg har best oversyn over behova på dette området. Ei støtteordning knytt opp mot Forskingsrådet ville kanskje vere ein veg å gå.

Flytte kulturminnevernet frå Miljøverndepartementet til Kulturdepartementet

Mange museum har kompetanse spesielt på området bygningsvern. Mange har ønsket ei slik samling innafor eitt departement. Mange samarbeider godt med omsyn til kulturminnevernet i fylker og kommunar.

Det kunne tenkast at musea fikk ei større oppgåve ved både å hjelpe kommunen med kulturminneplanar og i det å hjelpe innbyggjarane med kompetanse og rådgjeving i spørsmål om bygningsvern. Skal dette vere aktuelt må det omdefinierast oppgåver frå kommunane til musea, og det må følgje realistiske økonomiske ressursar med ei slik omlegging. Det vil kunne skape større fagmiljø ved musea, og styret i SSM vil ikkje sjå negativt på det. Men den økonomiske sida må vere godt og truverdig utreda.

Styret ønskjer ikkje at musea skal ha forvaltaransvar, men dei kan vere eit rådgjevande kompetansemiljø.

Ragna Grønnevet

Styreleiar i Stiftinga Sunnmøre Museum

Per Sæther

Konservator/samlingsansvarleg